



Området ved Neset og Flatholm står sentralt i arealplanen. I dag var det preget av både springflod og regnboge. (Foto: Marius Mathisen)

**Med 25. oktober som frist er det viktig å koma med innspel og forslag til innhald i kommuneplanen sin arealdel, understrekar planleggjar Kjartan Thoresen i kommunen.**

**Fram til no har denne vore geografisk avgrensa i 6 ulike kommunedelplanar - ein av dei er Rosendalplanen som vart vedteken i 2003, og som Uskedalen høyrer under.**

Arealdelen har eit juridisk bindande plankart som fordelar alt areal i kommunen til ulike former for utbyggjing og vern.

Denne gongen er føremålet med planarbeidet ein teknisk og praktisk revisjon. Den går mellom anna ut på å samla alle delplanar til ein i samsvar med lova og nye standardar. Vidare skal ein fram til felles føresegner for heile kommunen.

Dette arbeidet er så omfattande at det ikkje vil verta lagt like stor vekt på innspel som i hovudsak tener berre private interesser. Det vil verta vurdert om ubrukte byggeområde skal takast ut og om det skal takast ut nye område der det føreligg klåre samfunnsmessige interesser. Det kan til dømes vera sikring av areal til busetjing og næringsliv.

Planprogram for arealdelen vart vedteke sist sommar og ligg på heimesida til kommunen. Her er det informasjon om korleis innspela bør formast og kva opplysningar som skal med.

For laga er det nyttig å ta ein runde på kva tiltak ein kan tenkja seg å få teikna

inn på kartet i eiga bygd.

- Uskedal utvikling vil sjå til at det som høver til område for arealstrategiplanen vert samanfatta med kommuneplanens arealdel. Mykje er utanfor dette område, påpeikar leiar i UU Kristian Olav Bringedal. UU kan også, dersom nokon ynskjer det, kalla inn til møte for samordning av uttalar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen